

REGULERINGSFØRESEGNER

Reguleringsplan for Hafstadreina – Kronborgvegen, gang- og sykkelveg

Planid: 143220150018

§1 Generelt

1.1 Føremålet med reguleringsplanen er å avklare plassering av gang- og sykkelveg på strekninga mellom Hafstad parken og Viebrua

1.2 Plangrensene er vist på reguleringskartet, datert 16.05.2017. Føresegnene gjeld for dei områda som ligg innanfor plangrensa.

§2 SAMFEDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR

o_SKV, Køyreveg, offentlig:

Køyreveg er vegbana i offentlege kryss og avkøyrslar.

o_SGS, Gang- og sykkelveg:

Det blir regulert ein gang- og sykkelveg. Gang- og sykkelvegen blir kopla saman med eksisterande gang- og sykkelveg i Hafstadparken i vest og med tilkomstveg til gravplassen i aust.

o_SVG, Annan veggrunn-grøntareal:

Annan veggrunn er areal til benker, grøfter og skråningar. Skråningane skal utformast med god tilpassing til sideterrenget, dekkast med vegetasjonsmassar og såast til. Eksisterande toppmassar skal lagrast lokalt i anleggsfasen og leggest attende som topplag på fylling/anleggsområdet når arbeidet vert ferdigstilt.

§3 GRØNTSTRUKTUR

Føresegner gjevne i gjeldande planar med planident 20100002–Hafstadparken og 20010007 – Brulandsvellingene og i arealdelen for kommuneplan i Førde for 2015–2027, gjeld for område under §3

a_G, Grøntstruktur:

Område i/ved Hafstadparken er regulert som grøntstruktur

a_GP, Park:

Område ved/i Hafstadparken er regulert som park.

§4 LANDBRUKS, NATUR- OG FRILUFTSFORMÅL OG REINDRIFT

a_L, Landbruksformål:

Område regulert til landbruk sikrar dagens bruk av areala.

a_LF, Friluftsområde:

Område i aust, ved Viebrua er regulert til friluftsføremål. Føresegner gjevne i gjeldande plan med planident 20010007 – Brulandsvellingene, gjeld for område under § 4

§5 BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG, MED TILHØYRANDE STRANDSONE

o_V, Friluftsområde i sjø og vassdrag:

Utanom bekkekryssing, skal fyllingar knytt til veganlegget ikkje gå ut i vassdrag eller andre eksisterande elveførebygging. Langs vassdrag skal vegetasjon oppretthaldast så langt det er muleg.

§6 OMSYNSSONER

Sikringssoner, H140_Frisikt:

Alle kryss og avkøyrslar skal ha fri sikt i samsvar med handbok N100, veg- og gateutforming. Kommunen og Statens vegvesen kan krevje sikthindrande vegetasjon og gjenstandar fjerna.

For fylgjande soner gjeld føresegner i kommuneplan i Førde 2015–2027 sin arealdel:

Faresone, H320_Flaumfare:

Gang- og sykkelvegen ligg i område utsett for flaum.

Faresone, H370_Høgspenningsanlegg

Ved tilkomstveg til gravplass kjem gang- og sykkelvegen i berøring med høgspenningsanlegg.

Omsynssone H510 Kjerneområde landbruk

Deler av gang- og sykkelvegen går gjennom kjerneområde landbruk.

Omsynssone H560 Bevaring av naturmiljø

Deler av gang -og sykkelvegen ligg i / inntil Prestholmen naturtypelokalitet, registrert som viktig naturtype (Gråor-heggeskog/flommarksskog) i Miljødirektoratet sin Naturbase (BN00026149). I samband med bygging av gang- og sykkelvegen skal det takast ekstra omsyn for å hindre skade på naturmiljøet.

§ 7 BESTEMMELSESONMRÅDE

#: Mellombels anleggsområde:

Område som kan nyttast til anleggsområde og mellomlagring av masser. Etter avslutta anlegg går arealet over til formål som vist i planen. Området skal ryddast og settast i stand til det føremål og den stand det var i før anleggsstart, innan eitt år etter at anlegget er ferdig.

§8 FELLESFØRESEGNAR

9.1 Der anlegg- og riggområde overlappar føremål i eksisterande reguleringsplanar, PlanID 20100002-Hafstadparken og PlanID 20010007 - Brulandsvollene, gjeld framleis underliggande reguleringsplan med føresegnar. På ikkje regulert areal skal kommuneplanens arealdel med føresegnar leggjast til grunn.

9.2 Det skal utarbeidast plan for Ytre Miljø i prosjekteringsfasen. Kapittel 5.10 i planomtalen gir føringar for tema som skal vurderast. Nødvendige miljøtiltak skal ivaretakast av utførande og kontrollerande i gjennomføringsfasen.

9.3 Sideareal skal avsluttast mot eksisterande terreng med skråning (maks fall 1:2) og påførast minimum 0,2m tjukt matjordlag og revegeterast. Gjennom flaummarkskogen skal ein ikkje ha tilsåing av gras, men naturleg revegetering.

9.4 Framande artar

Ved bygging av gang- og sykkelvegen skal framande artar takast hand om, slik at krav i den tid gjeldande handlingsplan og forskrift vert ivareteke.

9.5 Om ein under anleggsarbeidet skulle avdekke ukjende kulturminne, skal arbeidet stoppast med ein gong, og rette mynde kontaktast, jamfør undersøkingsplikta i Kulturminnelova § 8.2.

